

TIDSSKRIFT FOR PRAKTISK TEOLOGI

NORDIC JOURNAL OF PRACTICAL THEOLOGY

ÅRGANG 41 NR. 2 (2024) S. 92–106

DOI 10.48626/TPT.V41I2.5580

Artikkelen er ikke fagfellevurdert

Ord å vakne av? (Og kanskje også til inspirasjon til å kvile med godt samvit?)

Ei sakssvarande forkynning i møte med klimakrisa

ROLV NØTVIK JAKOBSEN

dr.theol., vikarprest i Oslo

noette57@hotmail.com

Det går ikkje lenger å lukke augo eller prøve å bolte igjen øyro: Vi er nøydde til å ta alvoret inn over oss. Alt liv på kloden er truga og dersom ikkje vi, menneska, handlar raskt og målmedvite saman, vil dei menneskeskapte klimaendringane kunne føre til ein katastrofe av ufattelege dimensjonar. Vi kan merke det på kroppen, på uveret med regn og storm og i lange periodar med ulideleg varme. Vi kan høyre og sjå det på nyheitene og også i vervarsla. FNs generalsekretær tar i bruk dei heilt store orda for det internasjonale klimatoppmøtet: «Vi er på veg til klimahelvetet med foten på gasspedalen». Vi kan sjå det i augo til dei vi møter: Mange unge er redde, fleire av dei ser ikkje anna råd enn å arbeide dag og natt for å hindre den store katastrofen. Nokre er lamma av angst og motløyse, andre er slitne på kropp og sjel. Og det heile set sit preg på den måten vi snakkar med kvarandre på og dei orda vi gjer bruk av: klima-angst, klima-skam og miljøkatastrofar til dømes.

I denne akutte situasjonen er ikkje spørsmålet om teologien og forkynninga skal endre seg, men korleis begge delar må endre seg. Eg vil i denne artikkelen særleg sjå på dei utfordringane forkynninga har i denne situasjonen: Korleis formidle evangeliet på ein sakssvarande måte i ein folkekyrkjeleg samanheng i ei tid der sjølve framtida er trua? Kva ressursar kan vi gjere bruk av? Og korleis

kan forkynnarar og kyrkjelyd arbeide for at budskapet når dei tilhøyrarane det er meint for?

Det siste spørsmålet høyrer kanskje litt kryptisk ut. Utgangspunktet er at god forkynning er som eit godt, gamaldags brev: Adressert, datert, signert og som handlar om noko viktig. I ein folkekyrkjeleg samanheng finst det mange og svært ulike haldningar til all tale om klimakrise. Mange tar det på djupt alvor, nokre er djupt engasjert og brukar nesten alle krefter på å gjere sitt i kampen mot naturøydelegging og menneskeskapte klimaendringar som truar livet på kloden. Nokre har blitt motlause og resignerte. Og det finst også nokre, også i kyrkja, som vil nekte for at det dreier seg om eit trugsmål som er menneskeskapt, og som menneska derfor kan påverke. Dei ulike haldningane blant adressatane gjer det nødvendig å arbeide for at evangeliet i dag og i framtida blir formidla på ein måte som dei av oss som står i fare for å slite seg ut, og også dei av oss som er resignerte og motlause, kan bli møtt og utfordra av evangeliet der dei er.

Forkynninga sin oppgåve er jo å tolke situasjonen *i dag* og formidle evangeliet med utgangspunkt i bibelske tekstar til mangfaldet av verkelege tilhøyrarar. Det enkle utgangspunktet for denne artikkelen er at dei viktige ressursane for ei saksvarande forkynning i møte med klimakrisa er nærmare enn vi kan tru: Det dreier seg nemleg om dei same bibeltekstane som predikantar er forplikta til å forkynne «over», om kroppslege erfaringar som menneske kan kjenne seg igjen i, og om vårt fellesskap og vår djupe avhengigheit av den naturen som omgir oss, skaparverket som vi også kan kalle det. Bibeltekstane gir språk og forteljingar som gjer det mogleg å få betre grep om kor innvevd menneskenaturen er i den naturen som omgir oss. Tekstane set ord og bilde på kor nødvendig det er med håp, tillit og kjærleik for å kunne leve, og også kor viktig det er å kunne kjenne og lytte til kroppens signal og grenser.

Fuglane under himmelen og dei to kulturane

Omgrepet «natur» har blitt karakterisert som «språkets kanskje mest komplekse ord».¹ «Natur» kan peike på det ikkje-menneskeskapte som omgir oss, men det kan også bety «vesen». For teologar og forkynnarar er det to store utfordringar som kan gjere det vanskeleg å kome til rette med den «naturen» som omgir menneska og som vi er ein del av. Den eine er at ein i fleire hundre år har hatt ei levande førestilling om at det finst *to* ulike vitskapelege kulturar, den eine, som ein ofte kallar nettopp *naturvitskapeleg*, eller tilmed rett og slett *science* på engelsk, og den

1 Williams 1983: 219

andre som forskar på menneskenaturen, og som derfor går under sekkeomgrepet *humaniora*. Det er lett å få inntrykk av at dei ulike vitenskapsgreinene har delt ulike sider av natur-omgrepet mellom seg. Mens det vi kallar naturvitenskapen, forskar på naturen som omgjevnad, konsentrerer humanvitenskapane seg primært om å forstå menneskenaturen. Den same arbeidsdelinga let seg også observere når det gjeld andre sentrale omgrep i denne samanhengen: Klima, miljø og kjemi er til dømes ord som blir nytta av naturforskarar, men er også gangbar mynt for å skildre mellom-menneskelege forhold. Nettopp i ein historisk situasjon der det er tydeleg at det er mennesket som utgjer det viktigaste trugsmålet for naturen, klimaet og miljøet, er det på tide å sjå etter samanhengen mellom desse omgrepa som kan bli nytta både for å setje ord på naturfenomen i seg sjølv, og på kva menneska er og gjer.

Sjølv der teologien har hatt sitt eige fakultet, som på Universitetet i Oslo, har det lenge vore blitt tatt for gitt at teologi først og fremst har vore ein del av dei humanistiske fagmiljøa. Dette nesten heilt sjølvtsagte utgangspunktet for teologisk arbeid har først blitt utfordra dei siste åra, til dømes av tverrfagleg samarbeid med det som no heiter *life science* og med naturvitarar.²

Den andre utfordringa, som heng nært saman med den første, er at kyrkja har ein lang tradisjon med å tolke alt det som står om natur i dei bibelske tekstane som bilde og illustrasjonar på noko som eigentleg dreier seg om menneskenaturen.

Heilt frå oldkyrkja har teologar sett ord på at det finst to kjelder til kunnskap om Gud:

Den eine kjelda er sjølvtsagt dei bibelske skriftene, den andre er naturen eller skaparverket, det som Augustin kalla naturens bok, *liber naturae*.³ For Carl von Linné (1707–1778) og Johan Ernst Gunnerus (1718–1773) var det, at det mangfaldige skaparverket vitna om kven Gud var, eit heilt opplagt utgangspunkt for all empirisk utforsking av fugle-, fiske- og dyreliv, og for den omfattande kategoriseringa og namngjevinga av plantar og geologiske fenomen. Dette arbeidet framstod derfor som empirisk teologi, og Johan Nordahl Brun (1745–1816) nølte ikkje med å lovprise denne typen naturforsking som eit framhald av Adams namngjeving av naturen i eit hyllingsdikt frå 1770.⁴ Gunnerus utgav den første norske floraen og skreiv artikkelar om alt frå brugde til slimål i selskapets *Skrifter*.

2 Eit førebiletleg eksempel på eit slik verkeleg tverrfagleg forskingssamarbeid er det nyleg avslutta UiO-prosjektet *ECODISTURB: Tvisyn på nordisk natur*.

3 Sjå meir om førestillingane om naturens bok i Jakobsen 2018

4 Jakobsen 2015: 192–95

Interessant nok framstod denne teologiske legitimeringa av empirisk naturforskning som meningslaus både for teologar og naturforskarar berre etter kort tid, då profesjonaliseringa av ulike typar naturforskning skaut fart. Da Gunnerus stifta det som tidleg fekk namnet *Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab*, låg det i korta at dette var ein stad både for lærde historikarar, teologar og naturvitarar i skjønnt foreining. Etterkvart vart dette selskapet, som så mange andre splitta i to klasser, ein humanistisk (der også teologane hadde ein sjølvskrive rolle) og ein naturvitskapeleg. Og sidan science vart forbunde med naturfaga, vart selskapets namn på engelsk *The Royal Norwegian Society of Sciences and Letters*, for å ta vare på begge dei to klassene. Fleire, både teologar og naturvitarar, har seinare meint at Gunnerus forsømte embetspliktane sine som biskop ved å bruke tid på den slags arbeid. Slik kritikk er berre eit eksempel på det den britiske fysikaren og romanforfattaren C. P. Snow (1905–1980) skildra i boka *The Two Cultures and the Scientific Revolution* frå 1959, det var to heilt ulike vitskapelege kulturar som ikkje forstod kvarandre og derfor ikkje var i stand til å lære av kvarandre.⁵

Vårt dilemma er at vi er fleire som har vokse opp i ein tradisjon der naturfenomen har blitt oppfatta som råvarer som kan bli foredla til illustrasjonar om noko anna, i forkynning og som litteratur. Samtidig har store delar av den naturvitskapelege prosaen, som har studert flora og fauna og alt anna, vore vanskeleg tilgjengeleg for dei som ikkje er fagfolk. Vi treng i dag meir enn før slik empirisk kunnskap. Samtidig har vi i denne avgjerande situasjonen behov for etisk refleksjon, for kultur- og naturhistorie, og for historier, forteljingar og bilde som kan skape forståing og engasjement. Det er difor viktig å løfte fram godt etablerte naturforskarar og andre fagfolk som dei siste åra også har drive eit viktig opplysningsarbeid med å skrive gode, engasjerte og forståelege prosatekstar om fagfelte sine, slik som Anne Sverdrup-Thygeson, Dag O. Hessen og fleire av bidragsytarane til antologien *Antropocen. Menneskets tidsalder* frå 2024.

Sjå på metaforane under himmelen og på bileta på enga!

Dei bibelske tekstane er fulle av skildringar av naturfenomen. Heilt frå dei første sidene finn lesarane eit mangfald av planter, trær, dyr, fuglar og fisk. Jesus viser stadig vekk til trekk ved det naturlivet som omgav han. Kanskje aller mest tydeleg i dei berømte orda frå Bergpreika, der han sterkt og eintydig oppfordrar til å sjå og lære av fuglane og blomstrane: «Sjå på fuglane under himmelen!» «Sjå liljene på marka, korleis dei veks!» (Matt 6,26–28). Merkeleg nok ser det ut som ettertid

5 For meir om dei to vitskapelege kulturane, sjå Jakobsen 2014

kristne ikkje har vore særleg interessert i å observere desse aktuelle delane av lokal flora og fauna. For dei av oss som har lyst til å vite *kva* slags fuglar og *kva* liljer Jesus sikta til, og *kva* som kjenneteikna dei, er ikkje dei eksegetiske handbøkene til særleg stor hjelp. Ulrich Luz sin storarta Matteus-kommentar, full av stødige verknadshistorisk informasjon til dei ulike tekstane som den er, nemner knapt noko forsøk på å finne ut av desse enkle spørsmåla, berre i forbigarten i tekstanalysen og ikkje i det heile i bolken om verknadshistoria til denne perikopen.⁶

Det ser ut som om Søren Kierkegaard, i ein av dei mest kjente teologiske tekstane om desse Jesus-utsegnene, er inne på noko viktig i sin beiske kritikk av nyare lesingar, nemleg at dei er skrive av menneske som akkurat som diktarar, prøver å leve seg inn og framstille seg sjølv gjennom blomstrar og fuglar:

*«Digteren er Evighedens Barn, men mangler Evighedens Alvor. Naar han tænker paa Fuglen og Lilien, saa græder han; alt som han græder, finder han Lindring i at græde, »Ønsket« bliver til, og med Ønskets Veltalenhed: o, gid jeg var en Fugl, den Fugl, jeg som Barn læste om i Billedbogen; o, gid jeg var en Blomst paa Marken, den Blomst, der stod i min Moders Have. Men vilde man sige til ham med Evangeliet: det er Alvor, det er just Alvoren, at Fuglen i Alvor er Læremesteren, saa maatte Digteren lee».*⁷

Denne diktaren ser altså ikkje for seg dei verkelege blomstrane eller fuglane, men fuglane han hugsar frå barnebiletboka eller blomstrane i moras hage. Dette er jo ein lovande start for å ta desse Jesus-orda på alvor. Og det er det som er Kierkegaards uttrykte mål: «Saa lader os da efter Evangeliets Anviisning i Alvor betragte Lilien og Fuglen som Læremestere.» Men også her blir den naturinteresserte lesaren skuffa. For Kierkegaard som gjer bruk av det Marius Mjaaland kallar «korset som tolkningsnøkkel»,⁸ prøver å vise at blomstrane og fuglane er læremeisterar i kunsten å be. For det som kjenneteiknar både fuglane og blomstrane er ifølgje Kierkegaard at dei begge «tier og lider».⁹ Det er mogleg at det gir meining som eit krossteologisk utsegn, men eg har vanskeleg for å skjønne at det kan hjelpe oss vidare i å skildre og sjå for oss dei verkelege blomstrane og fuglane, no her og der

6 Luz 1985: 363–375. Luz nemner at ein ikkje kan vite *kva* slags blomst det her er tale om. Ordet for «lilje», *krinon*, kan nemleg også bety «blomst». Luz understrekar at det er snakk om villvekstar og ikkje hageblomstrar, og i ein note er han positiv til Gustaf Dalman's forslag om å lese det som «purpuranamonar» som Dalman påviste var er meir utbreidd i Palestina enn dei kvite liljane: 368; 368, note 41.

7 Kierkegaard (1849) 14–15

8 Mjaaland 2021: 19

9 Kierkegaard (1849): 20

då. At plantane er tause, er jo på eit vist sant, men ein kvar som vore i nærleiken av fuglar, veit at dei slettes ikkje er tause. Og som fuglekjennarar kan lære oss, er også fuglesongen er eit språk. Kanskje også eit språk, som uttrykker det denne songen av og til kan gi inntrykk av, nemleg glede og leik?

Det ser ut som vi må leite i andre kjelder dersom vi skal kome på sporet av måtar å lese bibelske skildringar av fauna, flora og naturen elles, som noko anna enn illustrasjonar og bilde på menneskenaturen og teologiske sanningar. Her er faktisk nokre av dei teologiske verka, gjerne kalla *fysiko-teologiske*, som vart skriva i hundreåra både før Kierkegaard og dei han kritiserte, ein kjelde. For Gunnerus, som var oppteken av naturens bok, gav dei nøyaktige skildringane av brukda opphav til å stille spørsmålet om det var ein hai og ikkje ein kval, Jona vart slukt av. Og den banebrytande skildringa av slimålen konkluderte med at den var nødvendig som ein havbotnens renovasjonsarbeidar og derfor kunne gi innsikt i Guds skaparvilje. I orientalisten Johann David Michaelis (1717–1791) sitt viktige verk om det mosaiske lovverket, spelte skildringar av det aktuelle dyrelivet, som vart skildra i dei jødiske bibeltekstane, ein viktig rolle.¹⁰ Men, heldigvis, også i dag blir det forska på dei naturfenomena som blir skildra i dei bibelske tekstane, sjølv om slik forskning ikkje først og fremst finn stad på dei teologiske fakulteta.

Eg har hatt stor glede av boka til den jødiske amerikanske økologen Daniel Hillel: *The Natural History of the Bible* frå 2006. I boka skildrar han dei geografiske områda som blir omtalt i den hebraiske bibelen, som ulike økologiske habitat med kvart sitt særpreg: Nokre er kystområde prega av nærleik til havet, andre prega av elvar, og det finst også fruktbare område for dyrking, samt eigne fjellområde og også ørkenlandskap, dessutan etterkvart også byar. Alle desse områda har sitt særpreg, forskjellig fauna og flora og ulike utfordringar for alt levande der. Hillel trekker fram ulike bibelske tekstar som kvar har sitt *Sitz in Leben* i dette økologiske mangfaldet og les til dømes ut frå dette, høgsongen som «ei ode til naturkjerleik og til kjerleik i naturen».¹¹

Det viktige med å bli klår over den rikdomen som finst i dei bibelske tekstane om den naturen som har omgitt oss og stadig omgir oss, og som menneskeliva er i del av, er at vi som teologar kan bli skjerpna når vi les desse tekstane. Ved å prøve å ta Jesus-orda om å observere og lære av blomstrar og fuglar på alvor, er det mogleg å kome på sporet av ein lese måte som er viktig nettopp no når alt liv i naturen er trua. For forkynnarar treng jo ikkje å gå over bekken etter vatn. Mangfaldet av bibelske tekstar kan vi lese ikkje som illustrasjonar på noko heilt anna, men som

¹⁰ Jakobsen 2018

¹¹ Hillel 2006: 257–260

skildringar av naturen som omgjevnad og av korleis menneskelivet og naturen er innfelt i denne store økologiske samanhengen.

Når sant skal seiast, er det jo slettes ikkje berre teologar som les tekstar som tilsynelatande handlar om naturfenomen som illustrasjonar og bilde på noko heilt anna. Det har i mange år vore regelen nettopp i (andre) humaniora-fag, også dei som har arbeidd med litterære tekstar. Eg har i ein annan samanheng vist korleis veldig få av dei som har studert og lese *Fuglane* av Tarjei Vesaas, har vore oppteken av korleis den verkelege rugda ser ut og oppfører seg, sjølv om dette blir skildra inngåande i romanen.¹² Kor mange av lesarane veit kva eit rugdetrekk er og kva lyd rugda er kjent for? Noko liknande er også tilfelle med Olav Duuns *Menneske og maktene* frå 1938. Ut i frå det vi no veit om sannsynlege følgjer av klimaendringane, er dette ei skjønnlitterær framstilling som er urovekkande aktuell. Romanen dreier seg nettopp om korleis ei springflo eller ein tsunami oversvømmer nokre små øyer i havgapet. Men den har i stor grad blitt lese som noko anna, til dømes som eit forvarsel om verdskrigen.

Eit tydeleg og representativt eksempel på kor «naturleg» det har vore å gå ut frå at menneskelivet og livet i naturen er uavhengig av kvarandre, fann eg i Geir Kjetsaas framifrå biografi om Tolstoj. Om storverket *Krig og fred*, skriv Kjetsaa: «Det er i det hele tatt typisk for dette verket at naturskildringene alltid følger menneskene og akkompagnerer deres stemninger. Naturen blir ikke bare beskrevet, – den blir en bekræftelse på menneskets indre tilstand.»¹³

Ei bekrefting, ja, men likevel oppfatta som noko som i beste fall skjer parallelt, ikkje noko som gjensidig er i stand til å påverke kvarandre, og som ein faktisk til dels er avhengig av. For ein treng ikkje å lese meir eller mindre nye tenkarar som Hartmut Rosa som snakkar om *resonans*, eller Gernot Böhme som har skrive om *atmosfære*, eller for den del Løgstrups og fenomenologanes *stemning*, for å bli klar over at også menneska blir stemt og påverka av naturen som omgir dei. Vi skjønner nesten av oss sjølve at årstidenes vekslingar og været gjer noko med oss: Livet blir *lettare* når det letter opp etter stormen og regnet, kulde kan gjere at vi kjenner det nesten som om sjela er ein fryseboks. Så på ein måte er det sant at det som skjer i naturen, «følger menneskene og akkompagnerer deres stemninger», men ein treng absolutt ikkje lese det som to forløp som skjer uavhengig av kvarandre. Naturen i all sitt mangfald påverkar oss, akkurat som musikk gjer inntrykk og formar og stemmer oss.

12 Jakobsen 2020

13 Kjetsaa 2000: 143

Heldigvisvis kan ein no sjå tendensar til endringar både når det gjeld skjønnlitteratur og bibeltekstar. I kjølvatnet av det ein kan kalle den økologiske vendinga har vi fått fleire spennande øko-kritiske lesingar av både klassiske og nye tekstar. Her er det stadig mykje å arbeide fagleg med, ikkje berre ropar klassikarar som Duun, Hamsun og Vesaas på nye lesingar informert av økologisk tenking. Det gjer også tekstane til nobelprisvinnaren Jon Fosse, der samspelet mellom menneske og natur er ein tilbakevendande og stadig utforska, tematikk. For då ikkje å snakke om bibeltekstar som ressurs i møte med den økologiske krisa.

Siste del av denne artikkelen vil handle om det.

Bekk eller foss?

Den omdiskuterte britiske klimaforskaren Mike Hulme bruker i boka med den talande tittelen *Why We Disagree About Climate Change: Understanding Controversy, Inaction and Opportunity* frå 2009, eit heilt kapittel på å undersøke korleis ulike religionar kan bidra til forståinga av og samtalen om klimaendring.¹⁴ Mot slutten av boka prøver Hulme å vise korleis nokre sentrale bibelske motiv eller myter kan vere brukbare for å sondre mellom ulike måtar å tolke klimautfordringane på. Dei fire motiva han trekker fram som «forteljingar om klimaendring, som spel som viser viktige sanningar om den menneskelege tilstanden» er 1) å sørge over det tapte Eden, 2) å varsle om den kommande apokalypsen, 3) å konstruere Babels tårn, og 4) å feire jubelåret.¹⁵

Hulme framstiller desse fire motiva som gode bilete på ulike menneskelege reaksjonar på klimakrisa: Forteljingane om det tapte paradiset Eden er i Hulmes lesing ei førestilling om at naturen opprinneleg var idyllisk og i balanse. Dei apokalyptiske tekstane derimot kan gi inntrykk av at den framtidige totale katastrofen er (nesten) uavvendelig. Tårnbygginga i Babel kan i vår samanheng bli lese som utrykk for ei optimistisk forståing av teknologi, mens satsinga på jubelåret, som er det Hulme sjølv tydelegvis har mest sympati for, er eit resultat av etisk og moralsk refleksjon og av ei innsikt i at kampen for menneskelivet og naturen er intenst samanvevd.

Desse ulike svara på dei spørsmåla klimakrisa reiser, kan ifølgje Hulme, også bli oppfatta som konkrete utgåver av sentrale menneskelege kjensler som a) nostalgii, b) framtidsfrykt, c) sjølvtilitt på grensa til hovmod og d) kampen for global rettferd. Eg skal ikkje her gå vidare inn på Hulmes posisjon når det gjeld korleis

14 Hulme 2009: 142-177

15 Hulme 2009:102-107

ein i praksis skal møte den økologiske krisa. Det som er interessant med den bruken han gjer av dei bibelske tekstane, er korleis det peikar mot at forteljingar og bilde er sakssvarande og nødvendige også i møte med komplekse miljøendringar. I tillegg gir desse typologiane også ei oversikt over breidda og mangfaldet blant menneske i dag, det vil også i vår samanheng seie dei folkekyrkjelege tilhøyrarane: Nokre er kanskje motlause, andre er skremte og redde, andre igjen er optimistiske, kanskje på grunn av teknologiske nyvinningar, nokre er levande opptatt av kampen for global rettferd. Og vi kan legge til: Nokre er likegyldige og klarer ikkje å ta inn meir av dårlege framtidsutsikter, mens fleire og fleire set alle krefter inn i denne kampen. Nokre av dei i den grad slik at dei har blitt eller står i fare for å bli utbrent og for å miste livsmotet heilt. Å arbeide med bibelske tekstar som ressursar i møte med klimakrisa, handlar også om å møte og ha i bakhovudet erfaringar med mangfaldet av menneskelege måtar å møte klimakrisa på: Med motlause og med likegyldige menneske, så vel som klimafornektarar, og aktivistar som kjemper og set alle krefter inn. Slikt nødvendig teologisk arbeid må også skje til minne om og i ærefrykt for dei som bukka under og mista livsmotet i sitt tilsynelatande utrøyttetelege engasjement.

Det er jo lett å sjå at Hulme sjølv gjer bruk av desse bibeltekstane som *illustrasjonar*, og ikkje på noko vis leverer ei nærlesing av dei. Av og til framstår vala hans som nokså vilkårlege: Til dømes er det litt uklårt kvifor han gjer bruk av babelstårnet, som jo kollapsa, og ikkje Noas ark, som eksempel på teknologi som kan gi håp. Dei bibelske tekstane krev at vi les dei langsamt, og også om igjen, i stadig nye situasjonar.

Før eg går vidare for å undersøke korleis bibeltekstar kan vere ressursmateriale for kristen forkynning i møte med klimakrisa, nokre ord om forkynningas mål og verkemiddel: Eg trur at dersom forkynninga skal motivere til målretta handling og til bærekraftige liv og fellesskap, er det ikkje saksvarande å bruke dårleg samvit, angst, (heller ikkje i form av klima-angst) eller pliktkjensle som utgangspunkt og springbrett for forkynninga. Alt dette har jo kristen forkynning til tider vore virtuos til å spele på. Eg trur heller at ein også her, som elles, bør leite etter det som gir *lyst*, kanskje tilmed ei indre og ytre (og det er jo strengt tatt noko ein ikkje treng skilje mellom) *drift* til å gjere noko til beste for alle.

Det dreier seg kanskje i all enkelheit om å stadig på nytt sjå og innsjå at naturen er vakker, rik og nødvendig, og at menneskenaturen er innvevd i all anna natur som omgir oss. Dette er jo i seg sjølv to viktige motiv som går gjennom heile bibelen som ein gylden tråd: Gud slo fast allereie i utgangspunktet, etter å ha skapt jorda, plantene, dyra, fuglane og menneska i sitt bilete, at «det var svært godt» (Gen 1,31). *Godt*, og ikkje berre godt og nødvendig, men også *vakkert* og *fruktbart*, slik

dette samspelet mellom natur og menneske blir skildra i andre bibeltekstar: «Kor godt og vakkert det er! /Korn og ny vin/ får gutar og jenter til å bløma» (Sak 9,17).

Denne insisteringa på at mennesket er innvevd i og avhengig av heile skaparverket, og at denne avhengigheita er gjensidig, er gjennomgåande i heile det bibelske materialet. Dette heng nært saman med tenkinga om jubelåret, eit viktig bibelsk tema som blir løfta fram av profetane og som Jesus også nemner som eit kjenneteikn på frigjerande forkynning: «å setja undertrykte fri / og ropa ut eit nådeår frå Herren» (Luk 4,18-19).

Eg er for min del sikker på at dei mest ulike bibeltekstane som på noko vis handlar om den menneskelege eller den andre naturen, lese bokstaveleg, og ikkje som illustrasjonar og bilde, er veileigna, faktisk *som skapt* for å halde livsmotet oppe og sjå kva som står på spel i nye krise-situasjonar. Her kan ulike typar leksjonarie vere nyttig for forkynnalarar nettopp fordi dei kan utfordre til å lese tekstar ein ikkje hadde tenkt på i denne samanhengen, på nytt. Og eg trur også at det kan vere god grunn til å lese nokre av dei bibelske skriftene i samanheng: Dei tretten første kapitla i Genesis, som skildrar ei fellesmenneskeleg forhistorie, sjølvsagt. Men eg trur også fleire av dei poetiske skriftene, og då særleg *Salmenes bok*, vil kunne kaste mykje av seg for slik langsam, økokritisk lesing. For der kjem det tydeleg til uttrykk korleis kjensler og kropp er veva uløyseleg saman i det bibelske språket: Kjenslene blir skildra ut frå kva kroppsdelar som blir sette i sving. I evangelia er den spennande bruken av «få inderleg medkjensle» i Lukasevangeliet (7,13; 10,33; 15,20) verd å merke seg. Det sterke kroppslege uttrykket denne medkjensla får, startar med å ta inn over seg eit synsinntrykk, ta på alvor det som faktisk skjer i nærleiken.

I den samanhengen vi er i, nettopp også med mange menneske av god vilje som er i fred med å slite seg ut, trur eg det er nødvendig for økoteologiske lesingar å stadig gå djupare inn i den før nemnde første skapingsforteljinga. Nettopp i møte med den lammande klimaangsten og utmattinga hos folk som arbeider av all si kraft å for å hindre katastrofen, er det nyttig og nødvendig å understreke at den sjuande dagen er ein integrert og nødvendig del av skaparverket: Kvile og søvn er nødvendig, både for menneske og alt levande elles. For forkynnalarar som har som oppgåve å adressere samtida, er det vanskeleg å kome utanom å løfte fram kvilas og søvnens nødvendighet også i det som fort kan arte seg som eit engasjement utan grenser for nettopp naturen. Korleis snakke om søvn og kvile slik at det ikkje blir eit nytt krav? Er det mogleg å kome på sporet av noko som gir håp og tillit slik at vi faktisk kan gi slipp og overlata noko til andre, og på det viset sovne inn trygt og med godt samvit?

Det er jo det nesten alle kveldsbønene og kveldsalmene handlar om: Om kunne gje slepp, permittere seg med godt samvit og satse på og be om at andre tar over i mellomtida: «du lot oss dagens krefter kjenne, /gi nå oss nattens fred o Gud. //

Takk at din kirke aldri sover! /Mens jorden ruller uten stans»;¹⁶ «vern om oss når vi vaker, og vakta oss når vi kviler (sover), så vi må vaka med Kristus og finne kvile i din fred.»¹⁷ Eg trur det no, i møte med den globale klimakrisa, kan vere på tide å utforske søvnnens teologi for alvor, kanskje med nokre ord frå Rolf Jacobsen som motto og overskrift: «Gud, lær mig søvnnens sprog.»¹⁸

Bibellesing ja, men også årstidene vekslingar og å oppleve naturen på kroppen, som ressursar for ein økologisk homiletikk.

Eg må tilstå at eg lenge kjeda meg ved lange naturskildringar i skjønnlitteraturen. For då stoppa handlinga opp. På same måte gikk eg på kunstmuseum freidig forbi mange måleri av blomstrar, trær, elver og skyar, og over til skildringar av menneske og hendingar, ofte då med motiv eg kjente igjen frå bibeltekstar eller historia. Etter kvart har eg oppdaga at det kan vere grunn til å stoppe opp, både for å kvile litt imellom alt som skjer og for å sjå nærmare på det som eg ikkje kjente igjen, eller kjente nesten alt for godt igjen. Og oppdage, at det er noko som er viktig i seg sjølv i desse skildringane av natur, noko eg kan oppdage noko nytt i. «Mange hadde måla ei eik fyrr. / Likevel måla Munch ei eik»¹⁹ skreiv diktaren Olav H. Hauge, som sjølv på forvitneleg vis skildra den lokale naturen, fjella og dei ulike blomstrane, på stadig nye måtar.

Ord har ein kroppsleg tyngde. Orda peikar av og til direkte på korleis menneskekroppen er innvevd i naturen. Det veit vi frå gravferder: Det er, bokstaveleg tala, *tungt* å bære ei kiste, *sorgarbeid* er noko ein blir sliten av. Mørkt og lyst, kaldt og varmt, klima og miljø, og alle orda vi kan bruke om temperatur og vær, er ikkje berre ord på noko der ute, men også ord vi gjer bruk av for å skildre kroppslege og sosiale erfaringar. Døgnets vekslingar, som altså blir omtalt i starten av det bibelske biblioteket, og årstidene skifte: vår, sommar, haust og vinter, er avgjerande viktig for alt liv på kloden.

Kyrkjjas gamle tekstrekker, og då særleg evangelietekstane for den einskilde søndagen, vart gjennom hundreår med bruk, også nesten uendra etter reformasjonen, innvevd i årets rytme. For den same evangelieteksten kom regelmessig igjen. På det viset vart preiketeksten også ei talehandling, eit signal om å utføre visse handlingar som hørte årstida til. Den svenske forfattaren Sara Lidman

16 Norsk Salmebok 2013: salme 820

17 Norsk Salmebok 2013: salme 908

18 Frå diktet «Når de sover» (1954) i Jacobsen 1999: 145

19 I diktet «Lu Chi og lag eit dikt» frå *Spør vinden* (1971) i Hauge (1981): 244

skildrar denne vekselverkinga mellom bibeltekst og kvardagsliv i Västerbotten mot slutten av 1800-talet, på denne måten i romanen *Nabots sten*: «Når det predikats om den döve och dumbe som Jesus botade, var det dags att taga hem fåren från skogen. /.../Veckan mellan två herrars tjänande och Änkens son i Nain var ofte lämplig kall för höstslakten».²⁰ Bibeltekstane, og etterkvart også salmane, gjorde det mogleg å sjå teikna i naturen meir tydeleg, og vart for dei som hadde øyre å høyre med, til handlingsord, av og til utan at forkynnaren visste det.

Primstaven med alle sine heilag dagar og minnedagar over ulike helgenar, er kanskje det mest tydelege vitnemålet vi har om kor innvevd kyrkjeår og naturens vekslingar var i kvarandre. Dei ulike førestillingane om kva dei ulike dagane markerte, gjerne knytt til eit primstavmerke, vart gitt ei muntleg form som gjorde det mogleg å hugse dei og bringe det vidare til neste generasjon. Fleire av dei er erfaringsmateriale om akkurat denne dagen i året, mange tradisjonar handla om korleis været den dagen var eit teikn for korleis året skulle bli vidare. Mange av desse ulike tradisjonane er no samla i lett tilgjengelege bøker, til dømes Brynjulf Alvers *Dag og merke. Folkeleg tidsrekning og merkedagstradisjon* frå 1970. Det spennande her er jo at det, nettopp fordi Norge er eit landstrakt land med ulike klima, er store geografiske forskjellar på dei ulike råda og teikna. Slike tekstar om lokale folkeminne er sjølvstakt viktige ressursar til ei saksvarande forkynning i møte med klimakrisa. Predikanten kan ha nytte av ein fysisk primstav ved arbeidsplassen for å minne om at forkynningsarbeidet med datering stadig vekk også dreier seg om vekslinga mellom det heilt nye og det som gjentar seg kvar år, akkurat på denne staden.

Ved sida av ressursmaterialet om dei lokale merkedagane vil eg gjerne anbefale nokre bøker som gjer det lettare å observere livet i naturen ved sjølvsyn. Ei framifrå utgjeving er den vakre boka *Norske fugler gjennom året* som er bygd opp som ein naturkalender med fine fotografi og tekst som skildrar dei ulike fuglane lesaren kan få høve til å møte akkurat på den aktuelle årstida.²¹ Forfattaren, Jarle Rasmussen, var fuglelskar og også teolog. Dessutan finst det fagtradisjonar og sjangrar som kan utfylle bildet for alle som er interessert i samspelet mellom menneska og andre naturskapningar. Fleire av dei store etno-zoologiske eller etno-biologiske verka som nyleg er gitt ut i Sverige og Danmark, gir spennande og ofte overraskande kulturkunnskap om dette historiske samspelet, ofte med bibelske referansar.

Og sjølvstakt er salmeboka ein viktig ressurs for å kunne leggje merke til og feire årstidenes vekslingar. Akkurat som Hillel demonstrerer ved det bibelske materialet, er det i salmane mogleg å observere kva klimasone og kva naturerfaringar dei

²⁰ Lidmann 1981: 83–84

²¹ Rasmussen 2023

vart skrive ut frå: Eg veit ikkje heilt kvifor biskop Brorson i Ribe, ved det danske Vadehavet, kom på å skrive ein salme der den store kvite flokken vart skildra «som tusind bjerge fuld af sne». Men sikkert er det at dette naturbiletet appellerte og resonnererte med naturerfaringar dei som budde i den norske delen av kongeriket kunne kjenne seg igjen i. Interessant nok er det salmeforfattarar med tilknytning til den nordlegaste delen av Norge som i sine naturskildringar set ord på noko mange norske kjenner seg fortruleg med: Petter Dass og Elias Blix sjølv sagt, men også Trygve Hoff og nokre av dei nye samiske salmane.

Etterfølging: Å gå, å sjå og å sanse

Eg starta dette vesle essayet med Jesu oppfordring om å sjå fuglane under himmelen og blomstrane på marka. Fuglane og blomstrane er ikkje illustrasjonar, men er der og held på med sitt, av og til lykkeleg uvitande om at det finst menneske til. Eg trur det er all grunn til å feste lit til fagfolk og fugle- og dyrevenner som meiner å vite at dyr og fuglar ikkje berre er opptatt av forplanting og mat, men også brukar liva sine til leik, fellesskap og moro. Eg veit jo at mange av oss har stor glede av å sjå på naturprogram på fjernsyn: Å kunne observere alle dei merksnodige dyra på nært hald, utan at det er farleg: Nokre heilt ukjente artar, med sterke farger og i alle storleikar som lever saman med familiane sine og held seg i live på forskjellig vis. For mange kan slike naturprogram også gi håp og livskraft. For då kan det også vere rom for andre, for eksempel for meg, og livet kan vere verd å leve, også for meg.

Men sjølv sagt er lite som slår å kunne gjere som Jesus oppfordra til: Å gå og å sjå fuglane og blomstrane på nært hald. Å knyte fjellsko og å observere og sanse omgjevnadene nøye, kanskje finne blomster vi ikkje har sett før og høyre fuglelydar som er nye for oss. Slik oppmerksom gange er for mange ei kjelde til glede og innsikt. Og er også i seg sjølv ei feiring av skaparverkets rikdom og årstidenes vekslingar.

Den nye interessa for pilegrimsturar dei siste åra, heng i stor grad saman med den gleda og alt det spennande det er mogleg å oppleve på vandringar i eit samansett natur- og kulturlandskap. Den oppmerksame vandringa gjennom ulike natur- og kulturlandskap er i seg sjølv nok for svært mange, og viktigare enn det å kome fram til eit tradisjonsrikt mål.²² På slike vandringar er det for mange av oss blitt viktig å også leite etter historiske, fysiske og immaterielle minne om korleis menneske og natur har påverka kvarandre: Snauhogst, spor etter naturkatastrofar,

22 Den norske kyrkja har i fleire år tilsett pilegrimsprestar som gjennom refleksjonar og kunnskapsformidling har levert viktig ressursmateriale for pilegrimar, også når det gjeld synet på naturen. Den siste omfattande presentasjonen eg har sett er Vegge 2023.

lokale namn som peikar mot samisk og kvensk busetnad i området, og sæter- og stølsdrift. For nokre av oss som har tenkt at sætrer er noko heimleg, og at det nomadiske er noko eksotisk som ein til dømes forbind med bibelske forteljingar, er det viktig å bli minna om at den omfattande sæter- og stølsaktiviteten i Norge, og også dei store sesongfiskeria, var uttrykk for det som no blir kalla semi-nomadiske livsformer. Slike pilegrimsturar, gjerne utafør dei opptråkka rutene,²³ kan lære oss å kome på sporet av korleis menneskas kulturhistorie er uløyselig knytt til naturens historie.

Og i tillegg: Slik bruk av føter og auge og øyre er også noko som i seg sjølv gir innsikt i og erfaring av å vere ein del av og innvevd i naturen. Og kanskje, og det vil eg slettes ikkje sjå bort frå, kan det motivere til målmedveten innsats og kamp mot alt som truar miljøet? Kanskje også lære oss, på kroppen, at det er godt å kvile og å sove undervegs.

Eg, som eingong synst det var kjedeleg med naturskildringar, les med glede presise skildringar av naturen som omgir oss, som dikt. Ein av dei lyrikarane som stadig vendte tilbake til det som er mogleg å sanse i naturen, var Tomas Tranströmer. Tranströmer som også spelte ein viktig rolle som litterær konsulent i arbeidet med å omsetje dei bibelske salmane,²⁴ opnar også stadig vekk for at slike natursansingar også ligg ei religiøs tyding nær, slik Løgstrup ville ha sagt det: Kan blåveis og fuglesong lære oss noko om Gud? Ja, kvifor ikkje:

I diktet «Blåsipporna» er nettopp desse blomstrane «en lönngång till den verkliga festen,/ som är dödstyst»:

*Att förtrollas – ingenting är enklare. Det är ett av markens och vårens äldsta trick: blåsipporna. De skjuter upp ur det bruna fjolårsprasslet på förbisedda platser där blicken annars aldrig stannar. De brinner och svävar, ja just svävar, och det beror på färgen. Här är extas men lågt i tak. Karriär – ovidkommande! Makt och publicitet – löjeväckande!*²⁵

Og som i haikudiktet: «Närvaro av Gud. /I fågelsångens tunnel/ öppnas en låst port». Då er det berre å knyte skolissene, reinse øyro og ta med solbriller og kikert! Kanskje vil predikanten og teologen som har lagt vekk notatsakene sine, oppleve at det er fuglane og blomstrane som forkynner evangeliet til henne og

23 For: «Det finns mitt i skogen en uväntad glänta som bara kan hittas av den som går vilse», i «Gläntan», Tranströmer 2002: 193

24 Sjå og les i «Psaltaren» i den svenske bibelomsetjinga *Bibel 2000*.

25 Tranströmer 2003: 228

til alle som har øyre til å høyre med når naturen kviskrar og snakkar sitt lydlause språk. Om Guds nærvær?

Litteratur

- Brøndegård, V.J. 1985–1986: *Folk og fauna. Dansk etnozoologi*. København, Rosenkilde og Bagger
- Duun, Olav 1938: *Menneske og maktene*. Oslo, Olaf Norlis forlag
- Hauge, Olav H. 1981: *Dikt i samling*, Oslo, Noregs Boklag L/L
- Hillel, Daniel 2011: *The Natural History of the Bible, An Enviromental Exploration of the Hebrew Scriptures*, New York, Columbia University Press
- Hulme, Mike 2009: *Why We Disagree about Climate Change. Understanding Controversy, Inaction and Opportunity*, Cambridge, Cambridge University Press
- Jacobsen, Rolf 1999: *Samlede dikt*, Oslo, Gyldendal
- Jakobsen, Rolv Nøtvik 2011: «Nye utgaver og lese måtar av Naturens bok. Naturforskning og teologi på skandinavisk 1700-tal: Pontoppidan, Linné, Gunnerus og Brun» i *Norsk teologisk tidsskrift* 3–4 /2011: 237–259
- Jakobsen, Rolv Nøtvik 2014: «Humaniora og litteratur som ressursar i miljøkampen» i *Kirke og kultur* 2/2014: 156–174
- Jakobsen, Rolv Nøtvik 2015: *Gunnerus og nordisk vitskaphistorie*, Oslo, Scandinavian Academic Press
- Jakobsen, Rolv Nøtvik 2020 «Litteraturens natur. Framstillingar av klimaendringar og miljøkrise i nyare norsk litteratur» i *Kirke og kultur* 4/2020: 160 – 173
- Kjetsaa, Geir 2000: *Lev Tolstoj. Den russiske jords dikter*, Oslo, Gyldendal Norsk Forlag
- Lidmann, Sara 1981: *Nabots sten. Roman*, Stockholm, Bonniers förlag
- Luz, Ulrich 1985: *Das Evangelium nach Matthäus, 1. Teilband (Mt 1–7)*, Zürich, Neukirchener Verlag
- Kierkegaard, Søren 2006 (1849): «Lilien paa Marken og Fuglen under Himmelen», i *Søren Kierkegaards Skrifter, bind 11*, København, Søren Kierkegaard Forskningscenteret: 123–166
- Mjaaland, Marius 2021: «Liljen på marken og fuglen under himmelen. Innledning» i Kierkegaard, S: *Liljen på marken og fuglen under himmelen. Tre gudelige taler*, Oslo, Verbum: 5–23
- Mjaaland, Marius Timmann; Thomas Hylland Eriksen og Dag O. Hessen (red.) 2024: *Antropocen. Menneskets tidsalder*, Oslo, Res Publica
- Norsk Salmebok* 2013. *For kyrkje og heim*, Stavanger, Eide forlag
- Rasmussen, Jarle og Kolaas, Terje (foto) 2023: *Norske fugler gjennom året*, Oslo, Kagge forlag
- Tranströmer, Tomas 2003: *Samlede dikt 1954–1996*, Stocholm, Bonniers förlag
- Tunón, Håkan e. a. 2008: *Människan och faunan. Etnobiologi i Sverige 1–3*, Stockholm, Wahlström & Widstrand
- Vege, Einar 2023: *Inntoning. Pilegrim i poesi og teologi*, Steinkjer, Embla Akademisk
- Vesaas, Tarjei 1957: *Fuglane. Roman*. Oslo, Gyldendal
- Williams, Raymond 1983: *Keywords. A vocabulary of culture and society*, London, Fontana Books